

Anne G. Waage  
Våkleiven 22

5155 BØNES

30.09.2019

Olje- og Energidepartementet  
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

## VINDKRAFT – EIT OVERGREP MOT FOLK OG NATUR – FRÅSEGN TIL NASJONALRAMME FOR VINDKRAFT

Etter mange og lange år med møter og protestar mot vindkraft i Gulen kommune i Sogn Fjordane sit ein at med ei kjensle av makteslausheit og sorg.

Ein har gått haug og hamrar med fare for liv og helse for å dokumenter kva som er av verdier i området, - natur, kultur, og kva som er viktig for dei som bur der og dei som brukar området. Ein har lese sider på sider om kva som er blitt registrert tidlegare av verdi i området av natur, fugl, fornminner o.s.b. og har sendt desse opplysningane til Nve. Desse opplysningane er blitt lite vektlagde. Konsekvensar for fastbuane er mest ikkje nemnt i konsekvensutredningane.

Men ein sit att med ei oppleving av at alt som er i området blir snakka ned – dei har ingen verdi – liten verdi – området er forringa av granplanting – der er ein traktorveg – funna er ikkje kvalitetsikra av arkeologar o.s.b.

Ein sit at med ei sorg og uro om kva framtida vil bringe.

### **Kan kven som helst kome og ta frå grunneigarar og brukarar fjella våre?**

Kva er eigedomsretten verd? Kan store selskap, utanlandske selskap, spekulantar o.s.b. drive på som kolonimakter og ta frå oss fjella våre for ”perler og glansbilete” med Staten si velsigning? Er det ikkje Staten si oppgåve å ta vare på alle innbyggjarane i landet?

Utbygging av vindkraft i fjella våre skaper splid og ufred i bygdene, og øydelegg bumiljøet i bygdene – både fysisk og psykisk.

Vi må alle senke forbruket vårt for at komande slekter skal få det godt. Men slik det ser ut no ser det mest ut som ein forsøker å finne ein måte for berre å fortsette som før.

**Vindkraft er ei kortsiktig løysing som øydelegg meir enn det bidreg og all vidare utbygging må stoppast. Også vindkraft til havs kan føre til alvorlege konsekvensar som ein ikkje ser i dag. Kva om det har innvirkning på havstraumane? Då er vi ille ute!**



**Hu hei! Kor er det vel friskt og lett. Tekst: Kristofer Janson Norsk folketone**

1. vers:

Hu hei! Kor er det vel friskt og lett  
Oppå fjellet, oppå fjellet!  
Her leikar vinden i kåte sprett oppå fjellet, oppå fjellet!  
Og foten dansar, og auga ler,  
Og hjarta kveikjande hugnad fær  
Oppå fjellet, oppå fjellet!

2. vers:

Kom opp! Kom opp frå den tronge dal,  
oppå fjellet, oppå fjellet!  
Her blæs ein blåster så frisk og sval  
oppå fjellet, oppå fjellet.  
Og lii skin ut av blomar full,  
og soli drys alt sitt fagre gull  
oppå fjellet, oppå fjellet.

3. vers:

I dalen starvar du tung og heit,  
kom på fjellet, kom på fjellet!  
Kor fint her er, ikkje nokon veit,  
her på fjellet, her på fjellet.  
Ditt auga flyg over nut og tind.  
Det er som flyg det i himlen inn  
opp frå fjellet, opp frå fjellet.

4. vers:

Og når no soli til kvile gjeng  
attom fjellet, attom fjellet,  
då reier skuggane opp si seng  
attmed fjellet, attmed fjellet.  
Då gidrar alt i ein strålestraum,  
og hjarta sveiper seg inn i draum  
oppå fjellet, oppå fjellet.

**Eg håpar de vil legge vekk alle planar om vidare utbygging av vindkraft både på land og hav, og forby spekulantar og andre å drive rovdrift på fjella våre og øydelegge bumiljøet kring i bygdene.**

Med venleg helsing

Anne G. Waage

P.S.

Legg ved eit debattinnlegg frå Firda frå 10.september 2011 om Regional plan for vindkraft (for Sogn og Fjordane) av Møyfrid Kvamme, Gulen Sp. Ho fortel der om kor dårleg denne planen er. - Informasjon frå denne planen er brukt i Nasjonal ramme for vindkraft.

## Vedlegg:

Nettsaker: [firda.no](http://firda.no)  
E-post: [firda.origo.no](mailto:firda.origo.no)  
Nettside: [firdameining.origo.no](http://firdameining.origo.no)

**DEBATTINNEGG**  
■ Debattnlegg du ønskjer på trykk legg du inn på [firda.no/bynspunkt](http://firda.no/bynspunkt)

**FULLT NAMN**  
■ Alle innlegg må skrivast under med fullt namn. Skriv også kva kommune/stad du kjem frå, og om du skriv som representant for ein organisasjon.

**SKRIV KORT**  
■ Lange innlegg kan bli korta ned. Debattnlegg: maks 3000 tekin inkl. mellomrom. Kronikk: maks 6000 tekin inkl. mellomrom.



**KYSTLANDSKAP:** «Fylkespolitikarane ofrar for lettvtint store deler av det sårbare kystlandskapet i ytre Sogn utan å ane kva konsekvensar det vil få for denne delen av fylket», skriv artikkelforfattaren. Arkivfoto: Andreas Isaksen Dahl

# Regional plan for vindkraft

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev av 19.8.2011, oppmoda Miljøverndepartementet om å vurdere endringar i Regional plan for vindkraft for Sogn og Fjordane, vedteken av fylkestinget 8.6.2011, sak 033/11.

## DEBATT

Møyfrid Kvamme, Gulen Sp

Då eg las oppmodinga frå fylkesmannen vart eg minna om det som var utgangspunktet for denne planen, i alle høve slik eg trur mange av politikarane forventa, nemleg ei seriøs vurdering av arealbruk til vindkraft i Sogn og Fjordane.

Vi lokalpolitikarar såg det som nødvendig og nyttig å få ein overordna plan for fylket som klart sa noko om kor det var vurdert som konfliktfullt og kvar det vart vurdert som middels eller lite konfliktfullt.

**DÅ VI FEKK PLANEN TIL høyring og oppdaga at store deler av areala i ytre Sogn i teorien kunne byggjast ut, vart vi ganske overrumpla. Men vi vart roa med at det var konsekvensutgreiinga for kvart enkelt prosjekt som skulle ivareta grundigare konfliktvurdering.**

I teorien er det rett, men i praksis ser vi no er at desse vurderingane/prosessane mest sannsynleg går altfor fort for seg, og at fylkestinget sin vedtekte plan blir lagt til grunn.

Godt då å lese fylkesmannen si oppmoding til Miljøverndepartementet om å endre planen. Fylkesmannen tek opp akkurat dei punkt som mange av oss meiner ikkje er rett vurdert mht. konfliktpotensialet.

Han peiker bl. anna på fleire område som i planen er gitt middels konfliktpotensial, trass i førekomstar som etter nasjonale retningslinjer tilseier stort konfliktpotensial. Likeeins område gitt lite konfliktpotensial som etter nasjonale retningslinjer tilseier stort konfliktpotensial.

**FYLKESMANNEN PÅPEIKER** også at føreliggjande data for friluftsliv baserer seg på data som er 30 år gamle, og at det i liten grad er teke omsyn til innkomne innspel i høyringsrunden. Sitat: «det hadde etter vårt syn vore naturleg at prosjektgruppa hadde nytta seg av den kompetansen som kommunane, dei lokale turlaga og andre sit inne med til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget».

Dette dokumentet er å finne på postlista til Gulen kommune 19. august.

Etter mitt syn kan det verke som at Regional plan for vindkraft i Sogn og Fjordane har enda opp som eit bestillingsverk der innslagsverdiene i skalaen for konfliktpotensial er blitt endra for å tilpasse målet om å bli pilotfylket for vindkraft.

**EG MEINER FYLKESPOLITIKARANE** ofrar for lettvtint store deler av det sårbare kystlandskapet i ytre Sogn utan å ane kva konsekvensar det vil få for denne delen av fylket.

Eg håper verkeleg at planen vert endra i tråd med fylkesmannen si oppmoding. Då kan vi i det minste få ei meir seriøs vurdering av konfliktpotensialet og ein plan vi kan ta på alvor.

**STATSMINISTEREN**

Informasjon frå denne planen er brukt i Nasjonal ramme for vindkraft.